



Engesund Fiskeoppdrett AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

Varsel om pålegg om støysonekartlegging på Engesund Fiskeoppdrett AS sin lokalitet Duesund i Masfjorden

Vi viser til søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS datert 19.02.2021 oversendt frå Vestland fylkeskommune den 25.02.2021. Engesund Fiskeoppdrett AS søker om endra anleggskonfigurasjon på lokaliteten 11644 Duesund i Masfjorden. Søknaden inneber plassering av ei ekstra fôrflåte aust for eksisterande fôrflåte på anlegget i dag. Denne flåten blir liggjande innanfor AK område i arealdelen av kommuneplanen for Masfjordne kommune.

Søknaden er grunngeven med at eksisterande flår har for liten fôrkapasitet. Plassering av ei ekstra fôrflåte skal skje utan endringar i oppdrettsanlegget og utan endringar i MTB.

Eksisterande fôrflåte ligg 142 meter frå nærmaste støyutsette nabo (bustad eller feriebusstad). Ekstra fôrflåte er søkt plassert i ein avstand frå nærmaste støyutsette nabo på 130 meter. Om begge flåtene er i drift samstundes, har det potensiale til auke i samla støyutslepp.



Figur 1: Lokaliteten Duesund med eksisterande fôrflåte og plassering av ny flåte merka med raud firkant. Avstand til nærmaste nabo er 142 meter (raud strek) og 130 meter (grøn strek).



Statsforvaltaren mottar årleg fleire klagar på støy frå oppdrettsanlegg. Kor mykje støy som blir laga på eit anlegg varierer frå anlegg til anlegg, og Statsforvaltaren har hittil ikkje motteke klagar på støy frå lokaliteten Duesund. Eksisterande flåte ligg allereie svært nær nabo som kan bli støyutsett.

Våre erfaringar med støysonkartleggingar tilsier at det kan bli vanskeleg å halde seg innanfor gjeldande støygrenser i utsleppsløyvet. Vi kan og syne til Miljødirektoratet si kartlegging av støy frå akvakulturanlegg i sjø¹ frå september 2019. Den kartlegginga gir døme på kor langt ut støysona strekker seg ved ein oppdrettslokalitet.

I samband med handsaming av søknad om utsleppsløyve i 2016 hadde Statsforvaltaren spørsmål til støyhandsaming på lokaliteten Duesund. Svaret den gong (06.10.2016) var at Engesund Fiskeoppdrett AS hadde søkt om å få flytta flåten lenger frå land.

Når avstand til nabo er så kort som tilfellet er på lokaliteten Duesund, vil det vere trong for kartlegging av støy og spreining av støy på lokaliteten. Støyberekninga vil vere grunnlag for å vurdere om det må setjast eigne vilkår i utsleppsløyvet.

Statsforvaltaren vil gje pålegg om at der blir utarbeidd ein støyrapport utført av uavhengig konsulent med akustisk kompetanse frå liknande oppgåver. Støyrapporten skal baserast på berekning av støykjelder som ikkje har oppgjeve lydeffekt.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Masfjorden kommune Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1482/m1482.pdf>